

Møteprotokoll

Utval: Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
Møtestad: , Sandane
Dato: 09.05.2012
Tidspunkt:

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Håkon Myrvang	Leder	
Ola Tarjei Kroken	Nestleder	
Oddmund Klakegg	Medlem	
Iris Loftheim	Medlem	
Jorunn Eide Kirketeig	Medlem	

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Alf Erik Røyrvik	Sekretær / verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 21/12	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 22/12	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
ST 23/12	Søknad om utviding av hytte - Kjell Arnestad		
ST 24/12	Søknad om utviding av uthus - Ola Arnestad		
ST 25/12	Søknad om maskinell grøfting av sti i Langedalen - Gimmestad/Moen sameige		
ST 26/12	Hyttefeltet ved Arnestadstøylen		
ST 27/12	Oversending av forvaltningsplan til DN for fagleg godkjenning		
ST 28/12	Orienteringssak - søknad om oppattbygging av fjøs med loft på Dalsbøen - Audun Rygg		
ST 29/12	Eventuelt		

ST 21/12 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - 09.05.2012

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner innkalling og sakliste

Vedtak

Styret godkjenner innkalling og sakliste

ST 22/12 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - 09.05.2012

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner og leiar + 2 medlemmer signerer protokollen

Vedtak

Styret godkjenner protokoll frå styremøte 3/12.
Heile styret signerer protokollen.

Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde vil ha som fast praksis at alle i styret signerer alle protokollar. Styremedlemmer som ikkje var med på møtet signerer protokollen med «sett».

ST 23/12 Søknad om utviding av hytte - Kjell Arnestad

Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - 09.05.2012

Dokument i saka:

- Søknad om utviding av hytte frå Kjell Arnestad
- Notat om hyttefelt ved Arnestadstøylen frå Aurland Naturverkstad.

Søknaden

Kjell Arnestad søker i søknad registrert 25.jan 2012 om å få utvide hytta si ved Arnestadstøylen i Gloppen kommune. Arnestad ynskjer å utvide hytta til 6,5 x 6,5 m, og flatemålet på hytta vil auke frå om lag 35 m2 til 42,25 m2. Hytta skal framleis vere i tradisjonell byggestil.

Verneforskrift og anna regelverk

Verneforskrifta har reglar som omhandlar bygningar inne i verneområdet, og herunder utviding av eksisterande bygningar. Dette er i utgangspunktet ikkje tillate, men ein har visse unntak. Desse finn vi i verneforskrifta sin § 3 punkt 1.3:

1.3. Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

a) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar i tråd med tradisjonell byggeskikk. Til grunn for tradisjonell byggeskikk legg forvaltingsstyresmakta utsjånad og storleik på dei bygningane som står på Arnestadstøylen i dag. Dette er omtala i utkastet til forvaltningsplan for verneområdet og i eit notat som Aurland Naturverkstad har skrive i samband med forvaltningsplanarbeidet.

Alle byggesaker må vere i tråd med plan- og bygningslova (pbl). Tiltakshavar må sjølv syte for å ha dei løyve som trengs etter pbl i samband med bygginga. Det er kommunen som handsamar pbl.

Verneområdeforvaltaren si vurdering

Forvaltningsstyresmakta finn heimel i verneforskrifta til å gje løyve til utviding av hytta som er omsøkt. Spørsmålet i denne saka er kva rammer styresmakta skal setje for storleik og utforming av hytta etter utvidinga, dersom det vert gjeve dispensasjon til utvidinga.

Hytta ligg i eit område som har eit stølsmiljø. I tillegg er det i området rett ved denne hytta planlagt eit hyttefelt som det er laga opning for i verneforskrifta. I utkast til forvaltningsplan er det foreslått at desse hyttene skal ha ein maksimal storleik på 35 m2. Dette fordi hytter opp til 35 m2 er i tråd med den tradisjonelle byggeskikken for støyshus både på Arnestadstøylen og elles i regionen.

I den føreslegne retningslinjene står det og at hyttene skal vere rektangulære og ha saltak utan arkar. Retningslinjene for hyttefeltet vil legge føringar for denne hytta, då hyttefeltet vil ligge

tett ved hytta og vil vere same bygningsmiljø. Ein ser likevel at det kan akseptast mindre avvik frå retningslinjene for denne hytta, då den var bygd lenge før vernevedtaket kom og det er meir krevjande å tilpasse ei hytte som skal ombyggast enn ei hytte som skal byggast ny.

Utviding av denne hytta har vore omsøkt tidlegare, medan forvaltningsmyndet låg hjå Fylkesmannen. Her har utviding med vinkel vore avslått med omsyn til byggeskikk, og utviding til om lag 50 m² grunnflate har vore avslått med omsyn til at det vert for stort areal i høve til lokal byggeskikk. Det har vore signalisert frå Fylkesmannen at utviding opp til 40 m² kan akseptast, og vernestyresmakta tek med dei signala i denne vuredringa.

I søknaden er det søkt om å utvide hytta til å få ei kvadratisk form på 6,5 x 6,5 m storleik. Hytte med kvadratisk form er i strid med den lokale byggeskikken for støyshus, som tradisjonelt sett har rektangulær form. Det vert derfor vanskeleg å akseptere ei hytte med heilt kvadratisk form, men med omsyn til at det er snakk om ombygging av ei eksisterande hytte, kan ein vere litt meir fleksibel på retningslinjene om at lengde og breidde skal «harmonere».

Basert på verneforskrift, kongeleg resolusjon og utkast til forvaltingsplan for verneområdet, og dessutan notat om hyttefeltet og tidlegare sakshandsamingar, vurderer verneområdeforvaltaren det slik at ein ikkje kan gje løyve til utviding slik den er omsøkt, men at ein kan gje løyve dersom ein gjer justeringar slik at hytta vert maks 40 m², og får rektangulær form.

Naturmangfaldlova

I tråd med naturmangfaldlova (nml) § 7, skal alle inngrep og tiltak som kan påverke naturgrunnlaget vurderast opp mot nml §§ 8-12, og dei miljørettslege prinsippa som står der.

Hytta som er omsøkt ligg i Langedalen, rett sør for Arnestadstøylen. Hytta ligg utanfor sjølve støyshsvollen (som er gjerda inn), men ligg so nær at dei er ein del av miljøet på Arnestadstøylen. Området er ein del av Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, og støyshmiljøa i verneområdet er ein viktig del av verneføremålet.

Arealet som ligg kring hytta, og som derfor vert direkte påverka av utvidinga er delvis opparbeida som uteplass for hytta. Det er ingenting som tyder på at det er særskilde naturverdiar som vil verte negativt påverka av ei eventuell utviding av hytta i den storleik som er aktuelt. Det bør likevel leggjast inn vilkår i eit eventuelt løyve om at tiltakshavar skal rette opp eventuelle spor i terrenget kring hytta som utvidinga måtte føre med seg. Kunnskapsgrunnlaget er henta inn på synfaringar i området 30.04.12 og 09.05.12.

Forvaltingsstyresmakta vurderer at kunnskapsgrunnlaget er sopass godt at føre-var-prinsippet i nml § 9 ikkje treng brukast her, so lenge ein legg visse vilkår ved eit eventuelt løyve. Den samla belastninga (jf. §10) vert heller ikkje nemneverdig påverka av eit inngrep av denne storleiken i dette miljøet. Det er ikkje forventa at inngrepet skal medføre utgifter til ivaretaking av naturmiljøet, men dersom det skulle verte naudsynt, må desse dekkast av tiltakshavar, jf nml § 11.

Med heimel i nml § 12 kan forvaltingsstyresmakta legge føringar om at det skal nyttast dei mest skånsame og miljøvenlege metodar og lokalisering. I dette tilfellet kan det påpeikast at transport av materialar og utstyr bør skje på ein slik måte at det ikkje set spor i terrenget, til dømes ved hjelp av båt. Tiltakshvar må i den samanheng vere merksam på at eventuell motorisert ferdslé i samband med slik transport må ha særskilt løyve.

Vernestyresmakta vurderer det slik at tiltaket kan gjennomførast i tråd med naturmangfaldlova, med visse vilkår.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak

Utviding av hytta slik som det er søkt om er ikkje i tråd med det som forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til, og ein bør derfor ikkje gje løyve i samsvar med søknaden.

Ein bør likevel kunne gje løyve til utviding dersom ein justerer utvidinga til å vere innanfor følgande rammer:

- Storleiken på hytta etter utviding kan maksimalt vere 40 m².
- Hytta skal ha rektangulær form.
- Hytta skal vere i tråd med tradisjonell byggeskikk, det vil mellom anna seie:
 - o Saltak utan arkar og med korte takutstikk
 - o Torvtak
 - o Liggande kledning
 - o Vindaug med sprosser
 - o Ikkje terasse (men mindre platning ved inngangsparti kan akseptrast)

Vedtak

Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde utsetter saka.

Under synfaringa 9.5 kom det fram andre forslag til løysingar for tilpassing til tradisjonell byggeskikk. Styret vel derfor å utsette saka i påvente på at desse løysingane vert utgreia.

ST 24/12 Søknad om utviding av uthus - Ola Arnestad

Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - 09.05.2012

Dokument i saka

- Byggesøknad frå Ola Arnestad til Gloppen kommune
- Søknad til vernestyresmakta om utviding av uthus

Søknaden

Ola Arnestad har i søknad datert 8.4.2012 søkt om dispensasjon frå verneforskrifta for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, for å få utvide uthuset ved hytta si. Hytta ligg ved Arnestadstølen i Langedalen, innanfor landskapsvernområdet. Hytta er mykje i bruk.

Hytta til Arnestad er oppført i 1939. Den er lita og har ikkje gang eller anna rom til oppbevaring av ytterklede, støvlar, sko osb. Uthuset som står der i dag er om lag 2,5 x 3,5 m, altså om lag 8,75 m². Arnestad ynskjer å utvide dette uthuset til 4 x 5,5 m, altså 22 m². Dette for å få betre plass til sko og klede, og til å lagre reiskap, ved, fiskeutstyr mm. Det skal og avdelast eit rom til «snurredo» i uthuset.

Bygningen skal ha same form som i dag. Rektangulær, utan takvinkel og i stil med hytta og dei andre bygningane i området. Det skal nyttast liggande kledning med same raudfarge som på hytta, og det skal vere torvtak. Det skal nyttast småruta glas med sprossar, slik som på hytta og som det er på uthuset i dag.

Forskrift og regelverk

Utviding av uthuset må både ha løyve gjennom Plan- og bygningslova og dispensasjon for verneforskrifta. Det er kommunen som handsamar Plan og bygningslova, og tiltakshavar må sjølv syte føre å få dei naudsynte løyva her.

Forvaltingsstyresmakta skal vurdere tiltaket opp mot verneforskrifta og naturmangfaldlova. I utgangspunktet er området vernas mot «inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter», jf verneforskrifta sin § 3 punkt 1.1.

Men med heimel i verneforskrifta sin §3 punkt 1.3 a;

1.3. Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

a) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar i tråd med tradisjonell byggjeskikk.

kan forvaltingsstyresmakta gje dispensasjon til utviding av eksisterande bygningar slik som det vert søkt om her.

Forvaltaren si vurdering

Tiltaket er klart innanfor det som forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til. Det er likevel ikkje automatikk i at det vert gjeve dispensasjon til tiltaket.

Ein føresetnad for ei slik utviding er at bygningen framleis skal vere i tråd med tradisjonell byggeskikk. Søkjaren har opplyst at dette skal takast omsyn til. Det skal nyttast liggande kledning, vindaug med sprosser, raud farge og torvtak. Utvidinga av uthuset medfører godt over ei dobling av grunnflata til uthuset, men bygningen vert ikkje noko større enn andre, liknande bygningar i området og storleiken på bygningen vil framleis vere i tråd med lokal skikk.

I utgangspunktet er det ynskjeleg å halde byggeverksemda inne i verneområdet på eit minimum. Likevel er det i forvaltninga og brukarane si interesse at verneområdet og stølsmiljøa vert tekne vare på og at dei er i bruk. Ein kan derfor akseptere noko bygging, både i form av nybygging, ombygging og utviding, so lenge dette ikkje går ut over verneverdiane og er innanfor dei rammer som verneforskrifta set for bygging.

Utviding av uthus og det å få meir lagerplass kan vere med å fremje verneverdiane. Med meir lagerplass i uthus, kan ein få lagre meir reiskap og utstyr inne i uthuset, og hytta og tomta vil framstå som meir ryddig. Større uthus kan og gjere hytta meir brukarvenleg, og dermed indirekte auke bruken av området som rekreasjonsområde.

Naturmangfaldlova

I tråd med naturmangfaldlova (nml) § 7, skal alle inngrep og tiltak som kan påverke naturgrunnlaget vurderast opp mot nml §§ 8-12, og dei miljørettslige prinsippa som står der.

Uthuset som er omsøkt ligg i Langedalen, rett nord for Arnestadstøylen. Hytta og uthuset ligg utanfor sjølve støylsvollen (som er gjerda inn), men ligg so nær at dei er ein del av miljøet på Arnestadstøylen. Området er ein del av Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, og støylsmiljøa i verneområdet er ein viktig del av verneføremålet.

Arealet som vert berørt av utvidinga består av gras- og lyngmark, og det meste av arealet er allereie prega av at der ligg bygningar. Stien til Arnestadstøylen går forbi like ved uthuset, ca 2 m frå veggen på det eksisterande bygget. Utvidinga vil ikkje kome i konflikt med viktige

naturverdiar, men det må takast omsyn til stien som går forbi. Kunnskapsgrunnlaget er henta inn på synfaringar i området 30.04.12 og 09.05.12.

Forvaltingsstyresmakta vurderer at kunnskapsgrunnlaget er sopass godt at føre-var-prinsippet i nml § 9 ikkje treng brukast her, so lenge ein legg visse vilkår ved eit eventuelt løyve. Den samla belastninga (jf. §10) vert heller ikkje nemneverdig påverka av eit inngrep av denne storleiken i dette miljøet. Det er ikkje forventa at inngrepet skal medføre utgifter til ivaretaking av naturmiljøet, men dersom det skulle verte naudsynt, må desse dekkast av tiltakshavar, jf nml § 11.

Med heimel i nml § 12 kan forvaltingsstyresmakta legge føringar om at det skal nyttast dei mest skånsame og miljøvenlege metodar og lokalisering. I dette tilfellet kan det påpeikast at transport av materialar og utstyr bør skje på ein slik måte at det ikkje set spor i terrenget, til dømes ved hjelp av båt. Tiltakshvar må i den samanheng vere merksam på at eventuell motorisert ferdsle i samband med slik transport må ha særskilt løyve.

Vernestyresmakta vurderer det slik at tiltaket kan gjennomførast i tråd med naturmangfaldlova, med visse vilkår.

Framlegg til vedtak

Ola Arnestad får løyve til utviding av uthus ved hytta si i Langedalen, til 22 m² i tråd med søknaden, på følgande vilkår:

- Bygget skal vere i tradisjonell byggestil. Det vil mellom anna seie rektangulær bygning med torvtak og ein takås, liggande kledning, vindu med sprosser og same farge på kledning som dagens uthus har.
- Statens Naturoppsyn skal varslast før oppstart av tiltaket.
- Resultatet skal dokumenterast etter at utvidinga er ferdig. Enten ved hjelp av foto eller synfaring.
- Tiltakshavar står ansvarleg for eventuell oppretting av naturmiljøet omkring uthuset etter at utvidinga er ferdig. Særleg gjeld dette stien som går forbi uthuset.
- Tiltakshavar må ha løyve frå kommunen etter plan- og bygningslova for å gjennomføre tiltaket.

Vedtak

Ola Arnestad får løyve til utviding av uthus ved hytta si i Langedalen, til 22 m² i tråd med søknaden, på følgande vilkår:

- Bygget skal vere i tradisjonell byggestil. Det vil mellom anna seie rektangulær bygning med torvtak og ein takås, liggande kledning, vindu med sprosser og same farge på kledning som dagens uthus har.
- Statens Naturoppsyn skal varslast før oppstart av tiltaket.
- Resultatet skal dokumenterast etter at utvidinga er ferdig. Enten ved hjelp av foto eller synfaring.
- Tiltakshavar står ansvarleg for eventuell oppretting av naturmiljøet omkring uthuset etter at utvidinga er ferdig. Særleg gjeld dette stien som går forbi uthuset.
- Tiltakshavar må ha løyve frå kommunen etter plan- og bygningslova for å gjennomføre tiltaket.
- Takutstikka på den nye uthuset skal ha like langt utstikk som det er på hytta.

ST 25/12 Søknad om maskinell grøfting av sti i Langedalen - Gimmestad/Moen sameige

Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - 09.05.2012

Dokument i saka

- Søknad frå Gimmestad/Moen sameige om bruk av gravemaskin til drenering av stien frå parkeringsplassen til Osen

Søknaden

Gimmestad/Moen sameige søker i søknad datert 29.11.11 om å få bruke gravemaskin til drenering av stien som går frå parkeringsplassen til Osen i Langedalen. Stien er tidlegare delvis steinsatt og hellelagt, men no ligg mykje av dette under vatn. Ein del vatn vart grøfta vekk i 2005, men no er det igjen kome mykje vatn i stien. Dette medfører at stien berre er framkommeleg med støvlar, og folk nyttar derfor heller andre stiar. Dette er ikkje ynskjeleg frå grunneigarane si side.

Arbeidet er tenkt utført når myra er på det tørraste midt på sommaren.

Verneforskrift og regelverk

I og med at mesteparten av den omsøkte stien ligg innanfor Naustdal-Gjengedal landskapsvernområdet, so må eventuelle tiltak på stien vere i tråd med verneforskrifta. Slike inngrep er i utgangspunktet forbode i landskapsvernområdet, men forvaltingsstyresmakta har heimel til å gje løyve til tiltaket i verneforskrifta § 3 punkt 1.3.h):

1.3. Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:

[...]

h) Merking og opparbeiding av turstiar og merking av jaktpostar.

Bruk av gravemaskin er motorferdsel og derfor i utgangspunktet ikkje lov i verneområdet, men til eit slikt tiltak har ein heimel til å bruke det i verneforskrifta § 3 punkt 5.2.a):

5.2. Forbodet i punkt 5.1 gjeld ikkje:

a) naudsynt motorferdsel ved militær operativ verksemd, søk og opprydding etter sprenglekamar som ved uhell landar i verneområdet, politi-, ambulanse-, rednings-, brannvern- og oppsynsoppgåver eller gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskøyring.

Eller ein kan gje dispensasjon med heimel i naturmangfaldlova sin § 48.

Dersom tiltaket krev løyve etter andre lovverk, til dømes plan- og bygningslova eller lov om motorferdsel i utmark, er det tiltakshavar sitt ansvar å sørge for å innhente dei naudsynte løyva.

Verneområdeforvaltaren si vurdering

Forvaltningsstyresmakta har det heimelsgrunnlag som trengs i verneforskrift og eventuelt i naturmangfaldlova, til å gje eit løyve til utbetring av stiar. Men ein må likevel vurdere om utbetring av stien slik som det er omsøkt, er i tråd med føremålet med vernet og om det er i tråd med prinsippa i naturmangfaldlova.

Det vil vere positivt, både for grunneigarar, friluftslivet og for verneverdiane å få utbetra stien. Slik som det er no vil det fort verte danna stadig nye stitrasear i myrområdet, og dette vil sette uønska spor i terrenget. Slike nye trasear i eit myrområde vil etter kvart berre verte eit gjørmehol, og ikkje eigna som sti. Ein bør derfor finne ei meir langsiktig og haldbar løysing.

Grøfing og drenering av stien har vore forsøkt før, i 2005, og det har synt seg at det berre varte nokre år før stien vart dårleg igjen. Skal det vere noko meining i å gjere tiltak, må ein enten gjere det større og grundigare enn i 2005 (som truleg vil ha større verknad på naturverdiane rundt), eller ein må vurdere andre løysingar.

Drenering av myrområde er eit omfattande inngrep, som ein generelt sett bør vere forsiktig med. Det er som regel knytt stor artsrikdom til myrområder og våtmarker, og miljøforvaltinga har siste tiåra hatt fokus på å ta vare på myrområder og våtmarker. Når dette i tillegg er inne i eit landskapsvernområde der ein skal ta vare på landskapet som det er, bør ein unngå den type inngrep.

Ein bør vurdere andre alternativ. Ein del av stien er bra og treng ikkje utbetring. Ein kan derfor sjå på om ein heller kan lage kloppar eller gangbruer i dei partia som er blaute. Ein kan og vurdere å flytte stien nokre meter austover og dermed opp på «tørt land». Å legge ut kloppar er ikkje varige inngrep, og vil påverke naturmiljøet i mindre grad enn drenering. Kloppar og gangbruer er og enklare å skifte ut og vedlikehalde ved behov.

Vurdering opp mot miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

I tråd med naturmangfaldlova (nml) § 7, skal alle inngrep og tiltak som kan påverke naturgrunnlaget vurderast opp mot nml §§ 8-12, og dei miljørettslige prinsippa som står der.

Stien går i eit myrområde. Det er ikkje registrert som noko særskilt viktig naturområde, ut over at det er eit normalt myrområde. Skal tiltaket ha noko effekt, må ein drenere vekk mykje vatn og gjere stort inngrep i myra. Det er ei uvisse kring kva verknader dette vil ha på naturmiljøet og naturkvalitetane kring stien. I tråd med føre-var-prinsippet bør ein vere særst varsam med eit slikt inngrep.

Dersom ein opnar for å drive drenering av myr der kor det går stiar, vil det kunne skape ein uheldig presedens for resten av verneområdet. Den samla belastninga for verneområdet kan derfor verte større enn kva som er akseptabelt for eit verneområde.

I tråd med § 12 i nml, kan forvaltningsstyresmakta sette krav om at den mest miljøvenlege metoden skal nyttast. Forvaltningsstyresmakta bør derfor vurdere å be tiltakshavar vurdere bruk av kloppar og gangbruer framfor å drenere/grøfte myra.

Framlegg til vedtak

Forvaltningsstyresmakta gjev søkjaren ikkje løyve til å drive maskinell grøfting av myrområdet i samband med utbetring av stien. Ein vil heller be søkjaren vurdere andre løysingar, som legging av kloppar i dei blaute områda, eller eventuelt legge om stien enkelte stader.

Forvaltningstyresmakta kan eventuelt vere med å støtte ei slik meir skånsam løysing, enten med eigne midlar eller gjennom bestillingsdialogen med SNO.

Vedtak

Forvaltningsstyresmakta gjev søkjaren ikkje løyve til å drive maskinell grøfting av myrområdet i samband med utbetring av stien. Ein vil heller be søkjaren vurdere andre løysingar i samråd med verneområdeforvaltar og Statens Naturoppsyn, som til dømes legging av kloppar i dei blaute områda, eller eventuelt legge om stien enkelte stader. Forvaltningstyresmakta kan eventuelt vere med å støtte ei slik meir skånsam løysing, enten med eigne midlar eller gjennom bestillingsdialogen med SNO.

ST 26/12 Hyttefeltet ved Arnestadstøylen

Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - 09.05.2012

Dokument i saka:

- Notat frå Aurland Naturverkstad

Framlegg til vedtak:

Plassering: Forvaltningsstyresmakta finn ei ny plassering av hyttefeltet i samråd med grunneigarar og fylkeskommunen si kulturavdeling.

Utforming av hytter: Forvaltningsstyresmakta går ut i frå retningslinjene som står i utkast til forvaltningsplan fram til forvaltningsplanen er endeleg vedteken og godkjent.

Storleik på hytter: I tråd med signal frå tidlegare forvaltningsstyresmakt (Fylkesmannen) og i samsvar med den bygningsmassa som står på Arnestadstøylen, set forvaltningsstyresmakta ei maksgrænse på 40 m² for hyttene i hyttefeltet.

Vedtak

Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde vil ikkje kome med nye retningslinjer for hyttefelt i Langedalen før dei endelege retningslinjene skal vedtakast i forvaltningsplan. Fram til forvaltningsplanen er på plass, er det dei til no gjeldande retningslinjer og forvaltningspraksis som er styrande.

ST 27/12 Oversending av forvaltningsplan til DN for fagleg godkjenning

Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - 09.05.2012

Dokument i saka:

- Utkast til forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Framlegg til vedtak:

Styret sender utkastet til DN for fagleg godkjenning slik som det føreligg

Vedtak

Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde sender utkastet til forvaltningsplan til DN for fagleg gjennomgang og godkjenning for høyring, slik som den føreligg med eitt unntak:

- Retningslinjene for hyttefeltet i Langedalen må endrast på i den endelege planen då det er kome nye opplysningar og innspel, mellom anna gjeldande omsyn til kulturminne. Desse retningslinjene vil dessutan verte grundig handsama i høyringsprosessen til forvaltningsplanen.

ST 28/12 Orienteringssak - søknad om oppattbygging av fjøs med loft på Dalsbøen - Audun Rygg

Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - 09.05.2012

Vedtak

Verneområdeforvaltaren informerte om innkomen søknad om oppattbygging av fjøs med overnattingsloft på Dalsbøen i Traudalen.

ST 29/12 Eventuelt

Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - 09.05.2012

Vedtak

Ingen saker